



Saksbehandlar
Mette Guddal
Tlf. direkte innval: 53 48 31 21

Dykkar ref.

Dato
11.02.2005

Arkiv ref.
S00
04/04874-6

Det kgl. Olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

NOU 2004:26 HJEMFALL - HØYRING

Formannskapet hadde saka føre i møte 10.02.05, sak 05/0021.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Med helsing

Mette Guddal

Kopi til: Kommunenes Sentralforbund
LVK

Møtebok

SAK: NOU 2004:26 Hjemfall - høyring.

Arkivsaksnr.: 04/04874

BEHANDLA AV:				
Beh.rf.	Utval	Møtedato	Utvallsak	
1	Formannskapet	10.02.05	05/0021	211 - 266

Saksbehandlar: Kjell Odd Nygård

Vedlegg:

1. Brev frå Olje- og Energidepartementet.
2. NOU 2004: 26 – samandrag.
3. Hjelp til arbeidet med høyring frå KS
4. Særmerknad frå LO, LVK og KS.

Saksutgreiing:

Frå Olje- og Energidepartementet har motteke brev med kort orintering om NOU 2004: 26 Hjemfall. Merknadsfristen er sett til 01.03.05.

Jfr. vedlegg nr. 1.

Heile utgreiinga finn ein på nettsida www.oed.dep.no. Eit samandrag er lagt ved saka.

Jfr. vedlegg nr. 2.

For å hjelpe dei medlemene som vil gje uttale, har KS utarbeidt ei samla framstilling av saka.

Jfr. vedlegg nr. 3.

Vedlagt følgjer også særmerknader frå LO, LVK, og KS teke inn i NOU 2004:26, kap.10.4.3.

Jfr. vedlegg nr. 4.

Gjeldande konsesjonsreglar handsamar offentlege og private kraftverk ulikt. Dei private har konsesjonar med hjemfall til staten, medan dei offentlege har evigvarande konsesjonar. ESA hevdar at dette er i strid med EØS-avtalen.

Olje- og Energidepartementet hevdar at EØS-avtalen ikkje gjeld for vassressursforvaltninga, men har likevel sett ned eit lovutval for utarbeiding av nye reglar for hjemfall.

Utvalet går samla inn for vidareføring av ordninga med hjemfall, og oppheving av skilnaden på offentlege og private. Utvalet tilrår like reglar for framtidige kjøparar, men er delt i fleire fraksjonar når det gjeld utforming av nye reglar for hjemfall.

Fleirtalet rår til at når ny lov er vedteken, får alle eigarar nye konsesjonar på 75 år. På tidspunktet for hjemfall får eigaren behalde 1/3 som ein form for kompensasjon.

LO, LVK og KS tår til at nye reglar for hjemfall først blir utløyste ved bestemte transaksjonar frå eigar si side, for eksempel sal.

Dersom fleirtalet sitt opplegg blir vedteke, går LO, LVK og KS inn for at kun offentlege eigarar får kompensasjon. Dette fordi det er dei som misser ein evigvarande konsesjon. Kompensasjonen blir sett til 45 % av verdien på anlegget.

Utvalet er delt når det gjeld ny konsesjonstid. KS støttar ei vidareføring av ordninga med 60 år.

Det er knytt stor usikkerheit til kva begrensningar EØS-avtalen legg på nye reglar for hjem-fall. LO, LVK og KS ber difor om at staten går i dialog med ESA for å få avklart utforminga av dei nye reglane.

I samband med høyringa vil KS rå til at kraftverk som er direkte eigd av fylkeskommuner og kommuner ikkje blir omfatta av reglane om hjemfall. Dette fordi dei i høve til EØS-avtalen er forvaltningsnivå på lik line med staten.

Fråsegn frå eldrerådet:

Ikkje relevant.

Økonomisk konsekvens:

Går fram av saka.

Miljømessig konsekvens:

Ingen.

Forslag til vedtak:

Kvinnherad kommune støttar KS og LVK sitt syn på nye reglar for hjemfall.

Behandling i Formannskapet - 10.02.2005:

RØYSTING

- Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 10.02.2005:

Kvinnherad kommune støttar KS og LVK sitt syn på nye reglar for hjemfall.